

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

ORIENTERINGAR

Per Gunnar Stavland, Equinor ASA, presenterte prosjektet Northern Lights.

INNSENDTE SPØRSMÅL

Aud Karin Oen, SV, hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Kvar dag går det hurtigbåtar like forbi Sotra og t.d. Brattholmen kai til og frå Sunnhordland og Rosendal med god kapasitet. Er det mogleg å vurdera dette i det vidare arbeidet med hurtigbåt til Sotra?»

Fylkesordførar svarte slik:

«I tråd med vedtak i sak om Trafikkplan båt Hordaland (sak 271/2017 i fylkesutvalet) er det sett i verk ei utgreiing av mogleg nytt båtsamband til Sotra. I dette arbeidet vil ein sjå på ulike løysingar, og forslaget frå Oen vil bli teke inn i utgreiinga til vurdering.»